



BENT KVALVIK
bent.kvalvik@nb.no

TEATER

«Alle yter sitt til ei framsyning i heilspenn.
Det er rett og slett overveldande.»

Om *Forvandlingen* på Nationaltheatret



Gísli Örn Garðarsson, Ine Jansen, Ingvar E. Sigurdsson og Gískan Armand i *Forvandlingen* på Nationaltheatret. Foto: L-P Lorentz

Elegant og fascinerande Kafka

Multitalent frå Island – og verda – inntek Nationaltheatret.

TEATER

NATIONALTHEATRET:

Forvandlingen

av Franz Kafka

DRAMATISERT OG IRETTELAGT AV DAVID FARR OG GÍSLI ÖRN GARÐARSSON. OMSETT AV ØVIND BERG. REGI: GÍSLI ÖRN GARÐARSSON. SCENOGRAFI: BÖRKUR JÓNSSON. MUSIKK: NICK CAVE.

Når vi ser Kafka-dramatiseringa *Forvandlingen* på Nationaltheatret, tek det ikkje lang tid før vi skjønner at dette er noko utanom det vanlege institusjonsteaterterritoriet. Sjølv sagt går det an å lese seg til litt førehandsinformasjon, men det er ikkje naudsynt. Den utrulege islandsk-norske skodespelaren Gísli Örn Garðarsson har skapt seg ein imponerende internasjonal karriere på kort tid, og i denne framsyninga, som i andre versjonar har vore synt fleire stader i verda, er det ikkje vanskeleg å sjå kvifor. Det er her ein visuell fantasirikdom og ein plastisk eleganse som vi elles gjerne kan sjå stykkevis på idrettsarenaer og i danseoppvisingar og andre stader, men som svært sjeldan samlar seg i ei tilsynelatande vanleg teaterhending. I tillegg vert Franz Kafkas såre, introverte diktverk lyft fram som ein blome or den grå skodda.

MARERITT

Historia i seg sjølv er i og for seg ikkje overrumplande. Eit menneske forvandlar seg plutsleg til eit kjempeinsekt, og omgivnadene må halde seg til det; ein usannsynleg marerittvisjon plassert i ein «sannsynleg» setting. Det usannsynlege marerittet som plot er for så vidt velkjend både frå teater, litteratur

og film frå med siste halvparten av førre hundreåret. Like velkjend er undersøkinga av det menneskelege tolmodet og vidsynet. Kor djupt stikk kjærleiken? Vi kjenner att problemstillinga både frå andre stykke og filmar, og sjølv sagt – i overført tyding – frå våre eigne liv. Men vi har aldri sett det mana fram slik som dette.

OVERVELDANDE

Garðarsson spelar sjølv den lagnadsramma hovudpersonen Gregor, og på merkeleg vis får han oss til å godta den visuelle framstillinga både frå hans eigen synsvinkel og frå synsvinkelen til dei andre personane. Vi ser at han enno ser seg sjølv og kjenner seg sjølv som menneske, og vi ser at menneska rundt han ikkje gjer det. Ei visuelt-teknisk bombe er her å syne dei to romma i scenebiletet frå ulike vinklar. Stova er i tradisjonell titteskavinkel, medan soverommet til Gregor har «kamera» i taket, noko som sjølv sagt gjer kroppsspråket til Gregor heilt spesielt. Og jamvel om vi får hakeslepp av Gísli Örn Garðarssons plastiske evner, som verkar vera grenselause, er det faktisk endå opp særheita og einsemda han syner i rolla som grip oss.

Ensemblet rundt han, Gískan Armand og Ingvar E. Sigurdsson som foreldra, Ine Jansen som systema og Christian Skolmen i diverse roller, følgjer alle opp med skarpt personlege rolletypar i ei strengt kontrollert regiramme. Alle yter sitt til ei framsyning i heilspenn. Det er rett og slett overveldande.

BENT KVALVIK

Bent Kvalvik er filmarkivar og fast teatermeldar for Dag og Tid.

Symbol slår symbol i hel

Stilfullt, men det vert etter kvart statisk og føreseieleg.

TEATER

DET NORSKE TEATRET:

Det gode mennesket frå Sezuan

av Bertolt Brecht

OMSETT AV EDVARD HOEM. KOMPONIST: OLE SCHMIDT. REGI: PHILIP TIEDEMANN. SCENOGRAFI: ETIENNE PLUSS

Ei utfordring ved å spele dramatikaren Brecht i dag er at han – reint teatermessig – ikkje er utfordrande meir. Han fornya i si tid både det teatrale og det litterære språket, i slik mon at den vestlege verdas kulturliv mest fekk eit nytt liv. I dag er det vel eigentleg berre dei etiske ærenda hans som framleis kan røre ved oss og skake oss.

Det gode mennesket frå Sezuan har ein kinesisk parabel som utgangspunkt: Tre gudar stig ned på jorda for å finne eit godt menneske. Dei leitar lenge, og ho dei omsider finn, er ei ung, fattig, prostituert jente. Ho, Shen Te, har knapt nok tak over hovudet, men seier aldri nei til å hjelpe andre eller til å dele med seg av det vesle ho har. Gudane løner henne med

å setje henne i stand til å kjøpe ein tobakksbutikk. Men Shen Te er sjølv sagt altfor snill til å kunne drive forretning. Ho vert utnytta og parasittbefengd av kjente og ukjende, og etter kvart må ho kle seg ut som ein flinthead, oppdikta fetter, Shui Ta, som kan ordne med businessen og jage vekk pakket. Men så kjem kjærleiken inn i livet hennar – og rotar det til.

EKTE UTSTRÅLING

Oppsetjinga på Det Norske Teatret følgjer nok på eit vis Brechts idear om framandgjerding i staden for identifisering og innleving. Scenografien er i utgangspunktet ei monumental skyskraparverd, og personane rundt Shen Te/Shui Ta ein slags groteske dokketeaterfigurar, både i utsjånad og spel. Det morar og fascinerer ei god stund, men det vert etter kvart statisk og føreseieleg.

Men midt i dette heng jo mykje, eller mest alt, på korleis tittelpersonen vert spela. Som den eigode Shen Te har Ane Dahl Torp ei skinande ekte utstråling. Dette er godheit vi trur på, og den menneskelege djupna ho avdekkjer i det til-



synelatande enkle mennesket, gjev ein glimande og klar kontrast til omgivnadene hennar.

Når ho forvandlar seg til Shui Ta, kjem derimot problemet tydeleg fram med den realistiske rolleutforminga som ho er så åleine om i framsyninga. I ein slik setting, der ho har vore ein heilt realistisk Shen Te, må ho mest kunne illudere som Shui Ta på same premiss. Og det er ho ikkje androgyn nok til å meistre. Rundsnu-effekten i handlinga vert difor aldri overtydande, og det er berre i Shui Tas korte, hjelpelause augneblinkar vi framleis trur på figuren. Og først i sluttscena står Shen Te/Ane Dahl Torp avkledd, ærleg og sårbar attende. Trass i at heile biletet ikkje stemmer, er nok dette likevel det mest karismatiske vi har sett av Ane Dahl Torp på scena til no.

MED POESI OG APPELL

Det er både poesi og sosial appell i dette Brecht-stykket om det evige menneskelege dilemmaet rausheit kontra grensesetting. Det skal ein perfekt balanse seg til for å halde fast baa aspekta. Det Norske Teatret greier det, men berre glimtvis.

Brecht-bølgje

I teaterrepertoaret kan det stundom breie om seg med «bølgjer» som mest kan samanliknast med namnemotar. Påfallande er det at dei tre største teaterbyane i Noreg har – no på nyåret – kvar sin Brecht-premiere med få dagar mellomrom. Det Norske Teatret set opp *Det gode mennesket frå Sezuan*, Den Nationale Scene

i Bergen har premiere på *Mor Courage* dagen etter, og i veka etter det kjem *Arturo Ui* opp på Trøndelag Teater.

I etterkant av eit år der vi har vorte minte om at til og med vesle Noreg kan rammast av det ukontrollerbare, kjenner kan hende teatret på seg at tida er inne til usentimentale vekkjarar om menneskeleg ansvar. Stykka til Brecht handlar om menneske i krigs- og krisetid – og kva krisene gjer med dei. Nokre nyttar høvet til å ta makta, nokre profitterer på krigen, og nokre sver til idealismen, men må likevel gå på akkord. Shakespeare og Hamlet-en hans får sanneleg rett endå ein gong: Teatret skal vere ein spegel av samtida!

Mannen med malmrøysta er borte

Ein skal kan hende tenkje *Spelmann på taket* og Det Norske Teatret framfor alt, men det er faktisk like – eller endå meir – naturleg å tenkje hav og seglskute når ein ser for seg denne vikingakodespelaren og høyrer for seg *den røysta*.

På slutten av 50-åra var han med i ein spektakulær internasjonal film om skuleskipet «Christian Radich» på reise. Filmen heitte *Windjammer*, og Kolstad fekk her lansere ein fantas-

tisk filmmelodi: «Kari waits for me!» Ti år seinare spela han tittelrolla i NRKs aller første dramatiske TV-serie, *Skipper Worse* etter Kiellands roman – og der stod han atter med segl og mast som bakgrunn.

Trass i ein seksti år lang teaterkarriere, med roller av alle moglege slag, ja, han spela både Peer Gynt og Macbeth og Don Quijote, til og med Figaro i *Figaros bryllaup*, så er det nok mest sjøsprøyten som



Lasse Kolstad som båtsmann i filmen *Windjammer*, 1958. Foto: Scanpix

vil kvervle seg om minna om Lasse Kolstad. Lukke på siste reis, skipper Kolstad!